

# Dialogkort vg3

## Kapittel 18 Utforsk språket

### Spørsmål

#### **Korleis lagar du ei problemstilling?**

### Svar

Først bestemmer du eit tema, deretter avgrensar du dette temaet. Til slutt spissar du det på ein slik måte at du kan stille eit spørsmål.



# Dialogkort vg3

## Kapittel 18 Utforsk språket

### Spørsmål

#### **Korleis kan du vurdere om problemstillinga di er god? Nemn to ting.**

### Svar

- Problemstillinga må gi ny kunnskap for deg.
- Ho må òg vere mogleg å undersøke innanfor rammene du har (tid / tilgang til kunnskap og kjelder osv.).
- Ho må ikkje vere for smal, for då får du for lite stoff å undersøke, og ikkje for brei, for då må du bli overflatisk.
- Det må i tillegg vere mogleg å finne ein god metode for å undersøke problemstillinga.

The image consists of a dense, diagonal pattern of the word "intertekst" in a light blue font. The text is rotated approximately 45 degrees clockwise. The words are arranged in a staggered, non-overlapping manner, creating a sense of depth and movement across the white background.

# Dialogkort vg3

## Kapittel 18 Utforsk språket

### Spørsmål

**Kva er ein språkleg variabel?**

### Svar

Ein språkleg variabel er eit språktrekk som har ulike former, som varierer.



# Dialogkort vg3

## Kapittel 18 Utforsk språket

### Spørsmål

**Kva er ein bakgrunnsvariabel?**

### Svar

Bakgrunnsvariablar er alder, kjønn, bustad m.m.

The image consists of a dense, diagonal pattern of the word "intertekst" in a light blue font. The text is rotated approximately 45 degrees clockwise. The words are arranged in a staggered, non-overlapping manner, creating a sense of depth and movement across the white background.

# Dialogkort vg3

## Kapittel 18 Utforsk språket

### Spørsmål

**Nemn tre eksempel på nokre språklege variablar ein kan utforske.**

### Svar

lydlege fenomen som skarre-r, palatalisering, retrofleksar, tjukk l, blaute konsonantar m.m., grammatiske fenomen som personlege pronomen og nektingsadverb, infinitivsformer m.m.



# Dialogkort vg3

## Kapittel 18 Utforsk språket

### Spørsmål

**Nemn eksempel på nokre bakgrunnsvariablar som kan vere aktuelle i språkutforskning.**

### Svar

Alder, kjønn, geografi og interesser er bakgrunnsvariablar som ofte blir brukt når ein undersøker språkbruk.

The image consists of a dense, diagonal pattern of the word "intertekst" in a light blue font. The text is rotated approximately 45 degrees clockwise. The words are arranged in a staggered, non-overlapping manner, creating a sense of depth and movement across the white background.

# Dialogkort vg3

## Kapittel 18 Utforsk språket

### Spørsmål

#### Kva er ein informant?

### Svar

Ein informant er ein person som du ønsker å bruke i forskingsarbeidet ditt. Du kan ha mange eller få informantar, avhengig av problemstillinga og dei ytre rammene for arbeidet.



# Dialogkort vg3

## Kapittel 18 Utforsk språket

### Spørsmål

#### Peik på éin eller fleire konsekvensar som oppstår når du endrar problemstillinga.

### Svar

Du må kanskje endre metode og undersøke fleire ting enn du først hadde tenkt. Kanskje må du ha fleire eller andre informantar, eller fleire eller andre variablar.

The image consists of a dense, diagonal pattern of the word "intertekst" in a light blue font. The text is rotated approximately 45 degrees clockwise. The words are arranged in a staggered, non-overlapping manner, creating a sense of depth and movement across the white background.

# Dialogkort vg3

## Kapittel 18 Utforsk språket

### Spørsmål

**Korleis vel du metode?**

### Svar

Metoden kjem an på kva for problemstilling du har valt. Innanfor talemålsforsking er det vanleg med spørjeskjema, ulike former for intervju eller observasjon.



# Dialogkort vg3

## Kapittel 18 Utforsk språket

### Spørsmål

**Kva bør vere med i eit refleksjonsnotat?**

### Svar

Du bør reflektere over kva du har lært som du kan ta med deg vidare: kva du har lykkast med, og kvifor, og kva som kunne ha vore betre, og korleis. Då lærer du meir.

The image consists of a dense, diagonal pattern of the word "intertekst" in a light blue font. The text is rotated approximately 45 degrees clockwise. The words are arranged in a staggered, non-overlapping manner, creating a sense of depth and movement across the white background.